NORSKE MÅLFØRE VI

# TODALSMÅLET
## (NORDMØRE)

VED

*EILERT MO*

STUDENTMÅLLAGET :: OSLO 1922

Det er Fosna mållag mest å takke at denne boka har kome.

Oslo, våren 1922.

*Målførenemnda.*

Prenta hjå Johansen & Nielsen, Oslo.

439.87
M 71t

Då eg var i Todalen og skulde setje meg inn i bygdemålet der, fekk eg dei fleste upplysningane av bonde Steinar Ansnes; han er innfødd todaling (fødd i 1852), hev tala todalsmålet frå di han var smågut. Eg fekk ogso mange upplysningar av lærarane Kristian Halse og Leif Halse. Alle desse tri som hev gjeve meg upplysningar um todalsmålet, skal difor ha so mange takk!

*Eilert Mo.*

Engelsk med 29 Oj 29 Damm

P 48006

# INNHALDSLISTE


Side

I. Litt um målskyldskapen . . . . . 5

II. Litt av lydlæra.

Lyd og lydteikn . . . . . 7

Overgangen *-en* > *-a* . . . . . 10

Tonelag . . . . . 11

Nordanfjelsk vokalburtfall . . . . . 12

III. Formlære.

Namnord (substantiv) . . . . . 14

Hankynsord . . . . . 16

Hokynsord . . . . . 18

Inkjekynsord . . . . . 20

Kjenneord (artiklar) . . . . . 20

Talord.

Grunntal . . . . . 21

Rekkjetal . . . . . 21

Eigenskapsord (adjektiv).

Bøygning i kyn og tal . . . . . 21

Gradbøygning . . . . . 22

Pronomen.

Personlege pronomen . . . . . 23

Relativt pronomen . . . . . 24

Spyrjande pronomen . . . . . 25

Eigedomspronomen . . . . . 25

Peikande pronomen . . . . . 26

Ubundne pronomen . . . . . 26

Gjerningsord (verb) . . . . . 27

Sterke gjerningsord . . . . . 28

Linne gjerningsord . . . . . 30

Verb som endar på -st . . . . . 31

Um samansette verb . . . . . 32

Adverb . . . . . 32

Bindeord (konjunksjonar) . . . . . 33

Høveord (preposisjonar) . . . . . 33

IV. Målprøve frå Todalen og umsetjing til landsmål . . . . . 34

I.

# Litt um målskyldskapen.

Norsk, svensk og dansk høyrer til den nordiske greina av dei germanske mål. Andre germanske mål er tysk (høgtysk og lågtysk), flamsk, hollandsk, frisisk og engelsk. Dei germanske mål høyrer til den indogermanske målætta. Til denne målætta høyrer ogso latin og dei romanske mål (italiensk, fransk, spansk o. fl.), gresk, keltisk (f. eks. irsk), baltisk (litauisk og lettisk), slavisk (russisk, polsk, bulgarsk, serbisk, tsjekisk o. fl.), albansk, armensk, persisk og indisk.

Dei nynorske dialektane ættar frå gamalnorsk (oldnorsk). „Gamalnorsk" blir bruka til namn på det målet som var tala (og skrive) her i landet ifrå di kristendomen vart innført og til og med fyrste halvparten av det 14. århundret (til manndauden).

Ei eldre målform enn gamalnorsk var det målet som vi kallar samnordisk. Det målet som gotane snakka, var nærskyldt med samnordisk, og liktest mest på dei samnordiske dialektane i Sverike og Danmark (aust-samnordisk).

Ei endå eldre målform enn samnordisk og gotisk var det samgermanske målet, som vi tenkjer oss at alle germanske mål ættar ifrå. Like eins kann vi tenkje oss at alle indogermanske mål ættar ifrå eitt og same mål — eitt som hev fått namnet indogermansk. Den samanliknande målvitskap hev gjort det mogeleg å gjeta seg til, både korleis det gamle samgermanske og det endå eldre indogermanske målet trulegvis såg ut. — Lat oss ta eit ord til døme: nynorsk *gjest*, gamalnorsk *gestr*, samnordisk *gastir*, gotisk *gasts*, germansk *gastiz*, latin *hostis*, indogermansk *ghostis*.

Dei nynorske målføre kann vi skilje åt i austnorske og vestnorske mål, og dei austnorske att i austlandske og trøndske. Dei viktigaste sermerke på austnorske mål er den *„tjukke l-en"* (i lydskrift *ɫ*) og ei gamal lydlov som kallast *jamvektlova*. I gamalnorsk hadde t. d. infinitiven *bíta* lang i, men *vita* stutt i. Dette siste ordet høyrde til jamvektorda, d. e. til dei tvostavingsorda som hadde stutt vokal i fyrste stavinga og berre ein konsonant etter denne vokalen. Desse infinitivane hev i bygdemåla

no desse formene: 1. I dei mest typiske vestlandsmål (frå Sogn til Lista): *bíta, vita.* 2. I nokre overgangsmål millom vestlandsk og austlandsk (på nordvestlandet og sørlandet): *bíte, vite.* 3. I austlandske bygdemål: *bite, véta* ell. *væta.* 4. I nordanfjelske mål: *bit, væta, våtå* ell. liknande. I austnorsk hev endevokalen i ordet *bíta* vorte minka til ein slapp e-lyd (i lydskrift *ə*), eller hev kome heilt burt. Men endevokalen i jamvektordet *vita* hev halde seg (eller vorte til *å*). Dei vestlandske mål hev same endevokalen i dei tvo orda: anten *a* i båe orda, eller *e* i båe. Bygdemåla i Nord-Norig (nordanfor Trøndelag) likjest i sumt på vestlandsk, og i sumt på trøndsk eller austlandsk. — På same måten hev det gått med tvostavings namnord; dei som i gamalnorsk (og nynorsk landsmål) hadde lang hovudstaving, hev no endingsvokalen *e* i austlandsk, *e* eller ingen vokal i trøndsk; men dei som hadde stutt hovudstaving, hev i austlandsk ymse endingar (*a* eller *å* i hankyn, *u* eller *o* i hokyn); i trøndsk er det på lag like eins. Men vestlandet gjer ingen slik skilnad paa endingane.

Bygdemåla på Nordmør må reknast med til dei nordanfjelske eller trøndske mål, um dei òg kann segjast å vera overgangsmål millom ekte trøndsk og vestlandsk. Til nordmørsk kann vi rekne dei bygdemåla i den vestlege delen av Nidaros bispedøme som:

1. Hev halde på endevokalen i jamvektord, men hev kasta han i ord som i gamalnorsk hadde lang fyrstestaving (eit nordaustnorsk eller trøndsk målmerke), t. d. *å fara, ɛi veku, ɛn spae, ɛn haka,* men *å ka'st, ɛi vi's.*
2. Hev mist konsonanten *m* i den gamle endestavinga *um* eller *om:* på Nordmør no uttala *å* eller *o* (eit vestnorsk målmerke).
3. Brukar dativ (fosensk, som likjest noko på nordmørsk, hev kasta dativ).

Til nordmørsk reknar vi bygdemåla i den landsdelen som no kallast Nordmør, og dessutan målet i Hemne (i gamle dagar høyrde Hemne òg med til Nordmør). Jfr. P. E. Sivertsen: „Maalet i Hemna“ (nummer 2 av dei målførebøkene som Studentmållaget hev gjeve ut).[1]

Målet i Hemne er eit nord-nordmørsk målføre; det hev f. eks. ordformer som: *vi's, ry'p, gry't, lu'k, du', kji'st, klå'kk, vå'gg, ikkj*

[1] For dei som skulde ha lyst og høve til å setje seg litt meir inn i eitt og anna som er umtala, tek eg med nokre slike tilvisningar.

(*itkj*, ikkje), *ve'ikj*, *mæ'rkj*, *fø'ḷgj*, *ty'kkj*, *re'ngj auo*. (Desse orda hev eg funne i P. E. Sivertsens bok „Maalet i Hemna"; men eg hev sett inn eit uttaleteikn (') som syner at ordet hev tviteken vokal).

Jørg. Reitan fortel i ei utgreiding „Betoningsforhold i Stadsbygdens maalføre" („Maal og minne" 1910, side 91, fotmerknad 2) at „i det sydligste Nordmøre" (d. e. i bygder sunnanfor Kristiansund) er „apokopen avhængig av stemmelyden, idet ordene ikke gjerne forkortes medmindre de har lang vokal eller tvelyd, eller kort vokal + sonor stemmelyd" (sonore konsonantar er *l*, *r*, *m*, *n*, *ng*). Etter dette må folk derute segje *vi's*, *ry'p*, *gry't* med tviteken vokal, men *mærkje*, *føḷgje* (eller *fæḷgje*), *tykkje* og *kjiste*, *kḷåkke*, *vågge* med endevokal (-*e*).

Målet i Todalen står i dette stykket umlag midt imillom dei nordmørsmåla som hev mest likskap med uttrøndsk og dei som likjest mest på romsdalsk (romsdalsk høyrer til dei „nordlege e-mål"; hev endevokalen -*e* i ord som hev tviteken vokal i trøndsk). Todalsmålet hev tviteken vokal i ord som *vi's*, *ry'p*, *gry't*, *kji'st*, *kḷå'kk*, men endevokalen -*e* i ord som *mærkje*, *fæḷgje*, *tykkje*, *ringje*, *værje*, — i ord som i millomnorsk (overgangsmålet millom gamalnorsk og nynorsk) hadde *kj* eller (*g*)*j* framanfor endevokalen. Det ser ut som at *j*-en hev hindra endevokalen i å falle burt.

II.

# Litt av lydlæra.

## Lyd og lydteikn.

I denne boka blir det ikkje bruka vanleg lydskrift. Berre for dei lyd som det trengst mest for, er det bruka serskilte bokstavar, soleis lydskriftbokstaven for den „tjukke l": *ḷ*, og serskilte teikn for open e og ø: *ɛ* og *ö*. Til teikn for den vokalen som i mange ord hev kome i staden for gamalnorsk *au* (eller *ǫu*) blir i denne boka bruka umsnudd *æ* : *ɐ*. I Todalen er denne vokalen visst som regel labial (ɔ: blir uttala med lipperunding), so vi kann rekne han for ein djup (og kanskje litt tilbakedregen) ø-lyd. Sumstad på Nordmør er han so lite labial at han gjerne kunde gå for eit slag æ lyd (= *ɒ* i Storms lydskrift).[1]

[1] Umsnudd *æ* (*ɐ*) kunde vera eit teikn for nordmørsk forenkla *au*, enten vokalen er labial eller ikkje.

Lang *n*, *l*, *t* og *d* blir uttala „palalalt“, d. e. med *j*-lyd; vi segjer òg dei er *i*-fengne, soleis *spinn*, *vill*, *greitt*, *greidd*.

Når *r* og *ł* kjem framanfor *n*, *s*, *t*, *d* eller *l*, blir desse konsonantane uttala med tungesnippen bøygd attover til tannkjøtet eller gomen; vi segjer då at dei er supradentale og kakuminale, soleis *vart*, *stort*, *ja'rn*, *te gars; sæłt*, *te hałtann*. Men her i boka blir det ikkje bruka serskilte teikn for slik uttale.

I mange andre tilfelle òg blir det bruka tvo eller fleire bokstavar i staden for ein lydskriftbokstav, soleis *kj* og *kkj*, *ng*, *ngj*, *ll* i staden for serskilte lydskriftbokstavar.

Slike tillempingar er gjorde for at boka ikkje skal bli for vanskeleg å lesa for folk som ikkje hev sett seg inn i den fonetiske skrift.

Ei tillemping etter vanleg rettskriving er det òg, når eg skriv *gj* og *ggj*, um det i uttalen ikkje høyrest nokon *g* i slike høve: *gjæra*, *hæłgja*, *spigjill*, *byggje*, *sørgje*, *ringje* (*ngj* blir uttala som lang palatal n).

I Todalen blir iallfall lang *gj* og *kj* (*ggj* og *kkj*) uttala med ein palatal *d* eller *t* framanfor *j* eller *kj*-lyden. Rindalen, ei onnor bygd på Nordmør, hev ikkje denne uttalen; deruppe blir det uttala rein *j* og *kj* ogso um konsonanten er lang. Sml.: Nedre Gauldalen hev ein sers kraftig *d*, *t* framanfor *j*, *kj* etter kort vokal, ofte so kraftig at *j* eller *kj* kjem burt: *mytty* ist.f. *mytkjy*; men Soknedalen i Øvre Gauldalen hev ikkje *d*, *t* framanfor *j*, *kj*. — I Todalen er ikkje *d*-en eller *t*-en mykje kraftig i slike høve (framanfor *j* — *kj* i uttalen av *ggj*, *kkj*).

Todalsmålet høyrer til dei nordmørsmål som ikkje uttalar *sj* og *skj* like eins. Nordre Nordmør (f. eks. Aure) og Hemne uttalar *sj* og *skj* likt; men dei søre og indre bygdene på Nordmør gjer forskjel: *sj* blir uttala som ein palatal — og gjernast noko tjukkvoren — s-lyd; *skj* som ein slik s-lyd med *kj* (eller *tkj*) etter.

Konsonantane *sl* blir i framlyd (fremst i ordet) uttala palatalt, — med same slag s-lyd som det er i *skj; sl* etter vokal hev for det meste fått same uttalen som *tl*, d. v. s. blir uttala som klanglaus palatal ll, i denne boka skrive *ᵗll*. Når det her er skrive *ᵗll*, hev uttalen alltid lang klanglaus, palatal l.

Klanglaus palatal *l* finst dessutan framanfor *t*, etter kort vokal. Etter lang vokal framanfor *t*, og millom lydveik *e* og *t*, blir det bruka klanglaus „dental“ *l* (dental er ein lyd som er uttala med tunga ved tanngarden).

Eksempel:

*ri'tll* (risle, subst.), *li'tll* (litle); *hilt* (heldt), *valt, halt, malt, salt* (med klanglaus palatal l); *smalt, hælt, travelt, sempelt* (med klanglaus dental l).

Palatal *l, n, d, t* blir bruka etter korte vokalar; men dei finst aldri etter trong *e* eller trong *ø*. Palatal t blir dessutan heller ikkje bruka etter *a, å* eller *æ*. Eg tykte at palatalkonsonantane var litt meir palatale i Todalen enn i Rindalen, d. v. s. at dei var uttala litegrand lenger inne i munnen.

I Todalen — likeeins som i kanskje dei fleste bygdene på Nordmør — hev *nd* og *ld* vorte tiljamna til *nn, ll* (lange palatalar): *lanne, silla*, ist.f. *lande, silda*. — Uppe i Rindalen uttalar iallfall dei eldre d-en i *nd* og *ld*.

Same uttalen som *nn* (lang palatal n) hev *ngj* fått. Men i *ngj* hev det vel for ikkje rett lang tid sidan vore uttala ein *j* etter den palatale n-en, f. eks. i *lengje : lennje* med *i*-fengen *n* (no utt. *lenne*).[1]

I Todalen blir *rn, rt, rs* uttala som ein lyd: *r*-en og den medlyden som kjem etter smeltar saman til supradental *n, t, s* (like eins i Rindalen). Den tjukke l (*ł*) smeltar òg saman med *n, d, t, s* til ein lyd, til kakuminal (tjukk) *n, d, t, s; łr* blir uttala som ein lang halvtjukk r-lyd, ein *r* som står umlag midt imillom vanleg r og tjukk l (imillom supradentalane og kakuminalane). Eksempel: *stoł-rogg, spøłråkk*.

Klanglaus *r* (supradental) blir bruka framanfor *p, k, kj* (og *f*): *skarp, stærk, kjerkje*.

Når ein framtungekonsonant kjem etter ein kakuminal eller supradental konsonant, blir han gjernast uttala med same tungestilling, endå um dei tvo medlyd høyrer til kvar sitt ord.

Like eins når ein framtungekonsonant kjem etter ein palatal konsonant; men i dette tilfelle gjeld ikkje regelen for *s*. Denne medlyden er dental (tannlyd, vanleg s) um han kjem etter ein palatal konsonant. (Jfr. „Stavingsdeling i rindalsmåle“ side 4).

Som i mange andre nordmørsmål er tvilydane (diftongane) *ɛi, öy, æu*, i todalsmålet for det meste forenkla til *ɛ, ö, æ* framanfor konsonant. I utlyd og fyre vokal er tvilyden ikkje forenkla. Heller ikkje er han forenkla i dei tilfelle at han i eldre tid hadde etter seg ein ð som no er burtfallen: *sæu, brɛi, avlɛies* (avleides).

Framanfor *tt, dd* og *st* hev tviljodane halde seg i Todalen: *błæutt* (sml. *błæt*), *brɛitt, błöytt, hæust, næust, æust, rɛist* (sml. *rɛ's*, infinitiv), *löyst, fröyst*. (Rindalsmålet hev for det vissaste *æ, ɛ, ö* i

[1] *nkj* blir uttala som palatal *n* + *kj.: benkjen.*

slike høve òg, men mange eldre rindalingar uttalar, like eins som todalingane, *æu*, *ɛi*, *öy* framanfor *tt, dd, st*).

I sume ord hev todalsmålet (og andre mål på Nordmør) *ø* ɔ: trong ø, i staden for gamalnorsk *öy*, helst fyre *r* og fyre *m*: *ø'r* < *öyra, ør* < *öyr; hø'r, kjø'r* < *höyra, köyra; drø'mm, gjø'mm* < *dröyma, göyma;* men *höyrde, köyrde* > *hær, kjær.*

Like eins som eldre rindalsmål hadde ogso eldre todalsmål tvilyd (diftong) av *å* i utlyd eller fyre vokal: *gråo, bḷåo, våoe* = *grå, blå, våe.* (Jfr. „Std. i rind.m." side 3).

Ord som stikk, pligg, ring blir i Todalen uttala med *e: stekk, pḷegg, reng,* og ord som rygg, bygg, styng med *ø: røgg, bøgg, støng.* Men når medlydane *kk, gg, ng, nk* i slike ord går over til *kkj, ggj, ngj, nkj* under ordbøygninga, blir *e* og *ø* umbytt med *i* og *y: stekk, stikkje* (eit stikk, stikket), *pḷegg, pḷiggjen* (pligg, pliggen), *reng, ringjen* (ring, ringen), *kjærreng, kjærringja* (kjerring, kjerringa), *røgg, ryggjen* (rygg, ryggen), *bøgg, byggje* (bygg, bygget), *støng, styngjen* (styng, styngen). — Sml. *hane — haninn, låve — låvinn* (hane, hanen; låve, låven).

Når *k, p, v* kjem etter medlyd, blir dei utstøytt framanfor *t*: *mørk, mørt* (myrk, myrkt), *stærk, stært* (sterk, sterkt), *skarp, skart* (skarp, skarpt), *hærsk, hærst* (hersk, herskt), *færsk, færst* (fersk, ferskt), *bḷank,*[1] *bḷangt* (blank, blankt), *haḷv, haḷt* (halv, halvt). — Sml.: *martna* (marknad), *stårtn* (storkne), *hærsn* (å herskne); *jamn, jamt; å næ'mn, næmt* (å nemne, nemnde).

*g* blir herd til *k* fyre *t,* og fyre *s.*
*v* „ — „ *f* fyre *t,* og fyre *s.*
*p* går over „ *f* fyre *t,* og fyre *n.*

Eksempel: *låg, låkt* (låg, lågt), *dag, te meddaks* (dag, til middags), *å skriv, skrifst, skreft* (å skrive, skrivst, skrift), *lö'p, löft* (løype, løypte), *åpinn, åfne* (open, opne).

I staden for *g* blir det uttala *ng* framanfor *n* i ord som *rængn* (regn), *sængn* (segn), *angn* (agn).

I staden for *md* og *ngd* blir det uttala *mn* og *ngn* i ord som *længn* (lengd), *annsæmn* (annsemd), *tøngn* (tyngd). — *nk* blir uttala *ngk.*

## Overgangen *-en* > *-a.*

Todalsmålet høyrer til dei nynorske målføre som hev endestavinga *-a* der gamalnorsk hadde *-en* (eller *-in.* NB. med berre ein *n*). Denne overgangen hev visst gått for seg på denne måten:

[1] Utt. *blangk.*

Endestavinga *-en* miste den nasale medlyden *n,* men på same tid vart sjølvlyden i stavinga nasal ɔ: han vart uttala med naselyd (som når folk talar „uppi nasen"): *-en* > ein nasal *e-* eller *æ*-lyd; denne vokalen nærma seg meir og meir (nasal) *a,* og seinare miste han nasaliteten og vart ein *a* uttala utan naselyd: *róten* > *rotɛ*$^n$ (ell. l.) > *rota* (= landsmål rota eller roti).[1]

Ogso nokre einstavingsord hev mist ein *n* som hev stått sist i ordet, f. eks. *ho, Jo* (gamalnorsk *hón, Jón*).

I nordmørsk (like eins som i vestlandsk) hev den gamle endestavinga *-um* eller *-om* òg mist den nasale medlyden: *-um, om* > *o*$^n$ > *o* eller *å.*

## Tonelag.

Like eins som vi skil imillom einstavingsord og fleirstavingsord, kann vi òg skilje millom det udelte einstavingstonelag og dei delte tonelag som blir bruka i fleirstavingsord; sml. *öy,* ubunda form, *öy´a,* bunda form, *öy`a,* fleirtal (ubunda form).

Tonelaget i fleirstavingsord er tvo slag: enkelt (bratt) tonelag, f. eks. *öy´a* (bunda form eintal), og samansett (boge) eller dobbelt tonelag, f. eks. *öy`a* (ubunda form fleirtal). Det enkelte tonelag er meir likt det udelte tonelag (einstavingstonelaget) enn det samansette tonelag. Ord som er tvostavingsord no, men i gamalnorsk vart rekna for einstavingsord, hev enkelt tonelag: *fag´er,* gam.n. *fagr; læng´er,* gam.n. *lengr.*

Tonelagsteikna er i vanleg lydskrift ´ og ` (akutt- og gravisaksent); ´ syner enkelt tonelag, og ` samansett tonelag. Det hev vore brukeleg å setje akuttaksenten (´) ved einstavingsord òg; men i utgreidingar um tonelagstilhøve i nordanfjelske målføre er det visst best at ein ikkje brukar same tonelagsteiknet for udelt (einstavings-) tonelag som for det delte tonelaget som kallast enkelt tonelag. I slike utgreidingar bør ein bruke akuttaksenten (´) til teikn for det enkelte tonelag i fleirstavingsord.

Dei stavingane eller orda som er saman um eit enkelt eller samansett tonelag, kann vi segje er eit tonelagsvald (ɔ: „tonelagsområde"; = „tonelagsgruppe").

Eit tonelagsvald kann vera berre eitt ord, f. eks. *gut´n, hæst´n, gut`ann, hæst`ann;* men ofte høyrer tvo eller fleire ord med til same tonelagsvald, f. eks. *kniv´en minn, bokj´a mi,* (*e*) *såg´en* (såg han); *hɛm´att; var`a me, kåm`a att, finn` att, kast` ut.*

Eit einstavingsord (som hev udelt tonelag) er eit tonelagsvald åleine.

Fyrste stavinga i eit fleirstavings tonelagsvald hev hovudtrykk (blir uttala med største tyngd). Dei andre stavingane hev sidetrykk; ei av dei hev sterkaste sidetrykken, dei andre hev linnare sidetrykk. I fleirstavingsord o. l. med samansett tonelag er sterkaste sidetrykken sumtid so sterk at det minner mykje um hovud-

[1] Målet i Selbu hev enno nasal a i *rotã* o. l.

trykken i ord med enkelt tonelag; eksempel: *tåt`kniv'en, sokk`erkåpp'en* (næstsiste stavinga i desse orda hev sterk sidetrykk).

I utgreidingar um tonelagstilhøve i nordanfjelske målføre vil det vera godt å ha eit serskilt teikn å setje etter kvart tonelagsvald. I „Stavingsdeling i rindalsmåle" og i nokre småstykke i „Maal og minne" hev eg bruka eit slikt grensemerke for tonelagsvaldet, teiknet :. Døme: *„de va dē: e vest:"*, *„nō: ē'n: hēr: at(t)"*.

Eit tonelagsvald kann stå med ymis tyngd i setningen. I lydskrift kunde ein gjera forskjel på vanleg, sterkare og linnare ettertrykk på tonelagsvalda; sterkare (auka) og linnare trykk kunde ein merkje ut med serskilde teikn framanfor tonelagsvaldet, f. eks. med + framanfor tonelagsvald med sterkare ettertrykk, og ÷ framanfor tonelagsvald med linnare ettertrykk.[1]

I fyrste setningen i målprøva atti denne boka: »*De va engång de vart præstlæust e Stangvikjen*", er det tri tonelagsvald: *engång, præstlæust* og *Stangvikjen.* Forteljaren uttala tonelagsvaldet *engång* med vanleg (millomsterk) ettertrykk, *præstlæust* med sterkare, og *Stangvikjen* med linnare trykk:[1] *de va en'gång: de vart* + *præst'læust: e* ÷ *Stang`vikj'en:* .

I denne boka um todalsmålet blir det ikkje bruka lydskrift, og tonelagsteikna blir sett berre når det er mest um å gjera å ha dei.

## Nordanfjelsk vokalburtfall.

Todalsmålet høyrer til dei nynorske målføre som hev mist vokalar som i gamalnorsk stod i slutten av ord (nytrøndsk *gry't,* substantiv, *by't,* infinitiv, < gam.n. *grýta, býta).* I slike ord er det gjerne tviteken rotvokal;[2] vokalen blir uttala med delt tonelag, i Todalen — like eins som andre stader på Nordmør og i Trøndelag — med enkelt (bratt) tonelag (ikkje samansett (boge) tonelag). Jørg. Reitan segjer i artikkelen „Betoningsforhold i Stadsbygdens maalføre", Maal og minne 1910, side 91, at det i dei synste bygdene på Nordmør (og i Opdal?) tildels blir bruka samansett tonelag i slike ord. Eg er viss på at eg hev høyrt folk frå det sydvestlege Nordmør (frå bygder sunnanfor Kristiansund) bruke enkelt tonelag i ord med tviteken vokal; men det er truleg at det derute er noko vingl med tonelaget i ord med tviteken vokal (kanskje i andre ord òg?)

Endå um so å segje alle dei bygdemåla som hev mist trykklette endevokalar, no hev enkelt tonelag i dei orda som hev tviteken vokal, kann det nok tenkjast at desse orda hadde samansett tonelag i den fyrste tida etter at endevokalen fall burt (*gry`'t, by`'t),* og at dei so seinare fekk enkelt tonelag gjenom etterlaging etter

[1] Minus-tonefallet er lett å kjenne frå dei andre; jfr. „Stavingsdeling i rindalsmåle", side 14. Eit avbrigde er „ammen-tonefallet", sjå side 15 i same bok.

[2] Endevokaten, f. eks. i *blístra, kasta, gráta,* fall burt; men so vart det ein kort vokal ein annan stad i ordet: *e*-en fyre *r* i *blister;* andre delen av den tvitekne vokal i *ka'st, grå't* (Jfr. Am. B. Larsen: „Om de trondhjemske dialekters apokope" side 4) = andre delen av den tvitekne vokal.

samandregne ord som *sko''n, vå''rn, sto''ḷn, sy''ln, ka''lln, å''mn, ma''nn*[1] (skoen, våren, stolen, sylen, kallen, omnen, mannen), Ord som *krengeḷ, bḷister* (gamalnorsk *kringla, blístra*) òg, hev enkelt tonelag i mange bygder nordanfjells, men sumstad, f. eks. i Stjørdalen, hev dei samansett tonelag. (Jfr. „Stavingsd. i rind.m." side 5, fotmerknad).

Dei trykklette endevokalane som dei nordanfjelske målføre hev fullfylgt seg best med å kaste, er *a* og *u* (ell. *o*). Vokalen *e* òg hev falle burt nokso regelrett i sume austtrøndske målføre (f. eks. i stjørdalsk); men i vesttrøndsk (nordmørsk m. m.) finst han enno som endevokal i mange ord der vi skulde ha venta at han hadde vore kasta: i ord som *granne, ɛnde* eller *ɛnne, tangje, okse* o. s. b. Dei linne hankynsord enda i gamalnorsk på *i* i nominativ (subjektsform) eintal, i dei andre eintalsformene på *-a*, f. eks. som *granni,* i dei andre kasus *granna,* når ordet stod i eintal. Ein kunde ha venta at ordet *granni,* som hadde lang fyrste-staving, hadde lote mist endevokalen. Men på Nordmør og i mange bygder i Trøndelag endar slike ord no òg på *e* eller *i*. (Jfr. P. E. Sivertsen, „Maalet i Hemna", s. 6; Karl Braset: „Sparbu-maalet", s. 7). At ord som *hane, hagje*[2], *kḷave, hakje*[2], hev halde på endevokalen, er ikkje noko merkeleg; for desse orda hadde stutt fyrstestaving i gamalnorsk (høyrde til „jamvektorda"). Tek vi for oss fleire ordslag, f. eks. hokynsord, inkjekynsord, gjerningsord og adverb, finn vi den regelen for burtfallet av endevokalen, at når eit tvostavingsord som enda på vokal hadde lang fyrste-staving, måtte endevokalen burt; men hadde ordet kort fyrste-staving, vart endevokalen verande. Men heilt gjenomført hev ikkje dette vorte, sidan linne hankynsord som *tangje, okse* o. s. b. ikkje hev mist endevokalen.

Um rindalsk ein *fangje,* men *tikjinn te fa'ng,* ein *bakkje,* men *onda bakk,* sjå „Std. i rind.m." side 18.

Eit mål, enten det er eit talemål eller eit skriftmål, brigdar seg noko til kvar tid. Men i den germanske og norske målsoga kann vi like vel tala um nokre serlege m å l b r i g d i n g s p e r i o d a r. Ein slik periode var o v e r g a n g s t i d a m i l l o m g a m a l n o r s k o g n y n o r s k. Til denne målbrigdingsperioden kann vi rekne den „millomnorske tid" og det tidebilet som i Hægstads norske målsoge er kalla „eldste nynorsk", i alt umlag 300 år: ifrå midta av det 14. århundret til burtimot midta av det 17.

Det er mykje truleg at d e n n o r d a n f j e l s k e „a p o k o p e n" (burtfallet av endevokalar) skriv seg ifrå denne målbrigdingsperioden. Av andre målbrigde ifrå denne tida kann nemnast burtfall av *n* i *-an, -en* o. l., like eins burtfall av *t, ð* og *r* i endingar. Burtfallet av *n* i *-an, -en* o. l. gjekk kanskje for seg alt i den fyrste halvdel av den millomnorske tid (eller endå tidlegare?), den nordanfjelske apokopen

[1] Samandregne ord med `` finst ikkje i bygdemåla her.

[2] I Todalen *haga, haka; hagje* kjem av *hagi,* nom., *haga* av *haga,* akk. I Rindalen *hagje, hakje.*

og burtfall av *ð* og *r* litt seinare (eller mesta samtidig?). Dei utlydande trykklette vokalane hev venteleg falle burt fyrr den veike r-en i endingane *-er* (*ir*), *-ar, -or* (*-ur*) kom burt, og fyrr *t* (*ð*) fall burt i trykklette stavingar, men etter at endingane *-an* og *-en* hadde vorte til nasalvokalar, d. v. s. vokalar som blir uttala „uppi nasen". Ein stor del av overgangsperioden millom gamalnorsk (-trøndsk) og nynorsk (nytrøndsk) hev venteleg vore ei nasalvokaltid, og i denne nasalvokaltida kann det nordanfjelske endevokalburtfallet ha gått for seg.

I sume av dei orda som miste endevokalen i overgangstida millom gamaltrøndsk og nytrøndsk, blir det ikkje uttala tviteken vokal no; men det kann ha vore tviteken vokal i desse orda òg, i den fyrste tida etter at endevokelen kom burt. Stavingsdelinga kann ha vorte slyffa: *rīv*, inf., sml. *rī'v*, subst., f. Grunnen til dette må for det meste ha vore etterlaging etter andre ordformer. Dei fleste av dei infinitivane som ikkje hev tviteken vokal hev fått same uttalen som presens (notid forteljemåte): *å rīv*, presens *rīv; å finn*, pr. *finn*, o. s. b. (Jfr. Eilert Mo: „Ei lita utgreiding um stavingsdeling i rindalsmåle" (Videnskapsselskapets forhandlinger for 1914. No. 2) side 22; „Eit adverb ifraa eldre rindalsmaal", Maal og minne 1917, side 69—70).

At todalsmålet hev halde på endevokalen i ord som i millomnorsk hadde *kj, gj* eller *j* framanfor denne vokalen, hev eg umtala. Sjå side 7.

III.

# Formlære.

## Namnord (substantiv).

Etter kynet skil namnorda seg i hankynsord, hokynsord og inkjekynsord. Todalsmålet samsvarar i dette med nynorsk landsmål: todalsk *en hane, ei hø'n, eitt ægg*, landsmål ein hane, ei høne, eitt egg.

Namnorda blir bruka i eintal og fleirtal: tod. *stav — stav`a, bok — bøker*. Landsm. stav — stavar, bok — bøker. Inkjekynsorda fær inga ending tillagt i ubunda form fleirtal: *eitt hus, fleere hus* (landsm. eitt hus, fleire hus). — Sume namnord blir bruka berre i eintal, f. eks. *mjøk* (mjølk), sume berre i fleirtal f. eks. *færeller* (foreldre).

Gamalnorsk hadde 4 kasus (fall, „høveformer"):

Nominativ (subjektsform).

Akkusativ (objektsform).

Dativ (sidefall, umsynsform).

Genitiv (eigefall, eigeform).

I nordmørsk hev nominativ og akkusativ falle saman i namnorda. Det er berre i fyrste og andre person av dei personlege pronomen at nominativ og akkusativ ikkje lyder likt: tod. *e — me, du — de, vi — åss, di — dåkkå* (landsm. eg, meg, du, deg, vi, oss, de, dykk); her hev akkusativ og dativ falle saman.

Når namnorda hev ubunda form (er ubestemt), hev nominativ, akkusativ og dativ falle saman til ei form i nordmørsk: tod. *båt,* gamalnorsk *bátr, bát, báti* (les *á* som *å*). Men i den bundne forma (bestemt form) hev nordmørsmåla halde på dativen; tod. *båt´a,* dativ eintal, *båt´å,* dativ fleirtal.

I dativ står sideleden eller sidelekken i setningen („hensynsbetegnelsen") og ord som er styrt av visse høveord (i komplement).

Gjerningsord som hev „dativobjekt" er f. eks. *a'ns, bi', vɛ'nt, mø't, nå, fɔ̨lgje, jæ'ɭp, ly, te'n, ga'ngn, hæ'ls, kjo'n, bry'nn, mjø'k, gje't, ha'll, slæ'pp, by't, skji'ft, må't,* o. fl. (landsm. anse, bie, vente, møte, nå, fylgje, hjelpe, lyde, tene, gagne, helse, tjone, brynne, mjølke, gjæte, halde, sleppe, byte, skifte, måte); *ha'll,* å halde, krev akkusativ i uttrykk som *„hɛll du ta bɭae?"* (ɔ: held du detta bladet?).

Dativ er det òg i ordlag som: *skjæra tånnå, sprikje fengrå, kny't nævå, sta'pp fotå* o. l. (skjera tonnom, sprikje fingrom, knyte nevom, stappe fotom).

Eigenskapsord som styrer dativ er *lik, olik, kvitt, nere, skyll, fri* (lik, ulik, kvitt, nær(e), skyld, fri): *han e så lik´ nå far´ sin* ɔ: han er so lik (honom) far sin.

Gardnamn o. l. sett etter personnamn står ofte i dativ: *han Oɭa Bakkå* (han Ola Bakken).

Genitivform er bruka i sume ordsamansetningar, f. eks. i *kvɛllsmat* (kveldsmat) og i visse andre høve, f. eks. ofte etter høveordet *te*: *te kvɛlls, te fjɛlls, te gars, te bytes, te bøgdann, te nattann, te haɭtann, te båtnann* (til kvelds, til fjells, til gards, til bytes, til bygdar, til nattar, til helftar, til botnen); i nokre ordelag: *på anns´manns lɛg̣`måɭ̣, dete års(e)ns lɛ't* (på annan manns leigemål, dette årsens leite) o. fl.

I oversyna over bøygningsformene åt namnorda blir det uppsett bøygningsmønster der formene blir ordna slik:

1. Ubunda form eintal. 2. Bunda form nominativ-akkusativ eintal. 3. Bunda form dativ eintal. 4. Ubunda form fleirtal. 5.

Bunda form nominativ-akkusativ fleirtal. 6. Bunda form dativ fleirtal.

Under målføreformene blir sett tilsvarande former i norsk landsmål.

### Hankynsord.

*1. stav stav'en stav'a stav`a stav`ann stav`å*
stav staven stavar stavane

Slik blir dei fleste einstavingsord av hankyn bøygd; ogso mange fleirstavingsord. — Merk: *kar* heiter *kara* (med kort *a* i fyrste staving) i fleirtal; *sjy* (sjø) heiter i bunda form nom.-akk. *sjy'n,* i dativ *sjyn'å* (< *sjónum;* i gamalnorsk enda alle sterke hankynsord på *-inum* eller *-num* i bunda form dativ eintal).

*råkk råkkjen råkkja råkka råkkann råkkå*
rokk rokken rokkar rokkane

Slik går nokre ord som endar på *k* eller *g,* f. eks. *såkk, stakk, mark, varg.* (sokk, stakk, mark, varg).

*dag da'n dagja dåg`a*[1] *dagann dagå*
dag dagen dagar dagane
*hæu hæ'n hægja hæu`a hæuann hæuå*
haug haugen haugar haugane
*vɛg vɛ'n vɛgja* ell. *vɛia vɛga vegann vɛgå*
veg vegen vegar vegane

(I Rindalen heiter dette ordet *vɛgje* i fleirtal; i gamalnorsk kunde *vegr* heite både *vegar* og *vegir* i fleirtal).

*sko sko'n sko'a sko skån'ann*[2] *skån'å*
sko skoen skor skorne
*jå jå'n jå'a jå jånann*[2] *jånå*
ljå ljåen ljår ljårne

Formene *skånann* (NB. kort *å*) og *jånann* (lang *å*) hev kome inn gjenom etterlaging etter dativformene *skånå* og *jånå*; jfr. „Ei surndalsk ordform", Maal og minne 1919, side 123—124.

*vinter vintern vint'ra vintra vint`rann vintrå*
vinter vinteren vintrar vintrane
*ham`ar hama'rn hamara hamra hamrann hamrå*
hamar hamaren hamrar hamrane

Som *vinter: fenger, mæster, skaveł, fågeł* (finger, mester, skavl, fugl); som *hamar: somar.*

*spigjill spigji'lln spigjilla spegła spegłann spegłå*
spegel spegelen speglar speglane

Slik ogso: *lykjyll,* flt. *løkła; hevill,* flt. *hevła; ångåll,* flt. *ångła*[3] (landsm. lykel, høvel, ongul).

*mårg`å mårgå'n mårgåna mɛnn`a mɛnnann mɛnnå*
morgon morgonen morgnar morgnane

---

[1] I fleirtal kort *a* i fyrste stavinga; like eins i genitiv eintal: *daks* (dags).
[2] Sml. bøygninga av inkjekynsordet *kne* (side 20).
[3] Rindalsk *ångåł,* flt. *ångła.*

I Rindalen *mæn(n)a,* med dental n, i fleirtal. — Dette ordet blir ogso bruka i genitiv: *te mårgås* (= til morgons).

*2. vev veven vev´a vev`e vevinn vevå*
vev veven vever vevene

Slik går: *lett* (med dental t), *lænum, rætt, gris, sæu, væn(n), sæn(n)*[1] (landsm. let eller lett, lem, rett, gris, sau, ven, son). Merk: *sæu,* sau, b.f. *sæ'n,* sauen; *væn(n),* b.f. *væ'n(n); sæn(n),* b.f. *sæ'n(n).*

*vægg vɛggien vɛggj´a vɛggj`e vɛggjinn vɛggjå*
vegg veggen vegger veggene

Slik: *bækk, bænk, dræng, flækk, lægg, klægg, sækk* o. fl. (bekk, benk, dreng, flekk, legg, klegg, sekk).

*3. hov hov´en hov´a høv´er høv´ern hov`å*
hov hoven hovar hovane

Slik: *fot,*[2] *bog.* (I Rindalen hev *bog* i fleirtal *bøgj`e, bøgjinn, bøgå*).

*mann ma'nn mann´a mɛnn mɛ'nn mɛnn`å*
mann mannen menn mennene

Merk: Det er *ɛ,* ikkje *a,* i b f. dativ fleirtal.

*4. spa`e spa`inn spa`å spa`a spa`ann spa`å*
spade spaden spadar spadane

Som *spae* går tvostavingsord som endar på *e.* — Merk: I gamalnorsk enda dei linne hankynsord på *-i* (*-e*) i nominativ, på *-a* i dei andre kasus, i eintal.

*måłe måłinn måłå måła måłann måłå*
mole molen molar molane

Slik: *dråp(p)e, pås(s)e, mås(s)e* (drope, pose, mose). — I Rindalen *måłå, dråpå* o.s.b. i fleirtal.

*hankje hankjinn hankå hanka hankann hankå*
hanke hanken hankar hankane

Slik: ord med *kj, gj, ngj* fyre endevokalen, f. eks. *tankje, tangje* o. fl. (tanke, tange). — Merk: *bakka* (landsm. bakke) blir bøygd som *hāka.* (I Rindalen *bakkje, bakkjinn, bakkå* o. s. b.).

*hāka hākann hākå hāka hākann hākå*
hake haken hakar hakane

Slik: *hāga, māga, næva, bråt(t)a, stēga, bæua, læua* (hage, mage, neve, brote, stige, boge, loge). — Sjå merknaden under „*spa`e*".

5. Avvikande bøygning:

*bror bror`inn brorå brør brø'rn*[3] *brørå*
bror broren brør brørne

---

[1] I Rindalen ogso *sån(n) — søn(n)e* (son — søner).
[2] I Rindalen *føt, føt´n, fot`å* i fleirtal.
[3] Saml. *te'n, kjy'n,* landsm. tærne, kyrne.

*far far`inn far`å* (far, faren). *kaffe kaffe'n kaffe`a* (kaffi, kaffien).
*okse oksinn også øksn`e øksninn øksnå*
okse oksen oksar oksane
*bon`e bon`inn bon´a(!)*[1] *bønd´er bønd´ern bønd`rå,* eller *bon`a bon`ann bon`å;* landsm. bonde, bonden — bønder, bøndene.

Ordet bonde er upphavleg eit presens participp bruka som substantiv: *búandi,* fleirtal *búendr* (til verbet gam.n. *búa,* å bu).

### Hokynsord.

*1. nåv nåv´a nåv´en nåv`e nåvinn nåvå*
nov nova nover novene

Som *nåv* går dei fleste einstavingsord av hokyn. — Slik ogso *nætt* (nòt, nøtt): flt. *nætt`e.*

*mark markj´a markj´en markj`e markjinn markå*
mark marka marker markene

Som *mark* går hokynsord som endar på *k* eller *g.*

*sēt´er· set´ra set´ern sēt`re set`rinn setrå*
seter setra setrer setrene

Som *seter: never, lever, åłder* (older), *ætter* (= erter). Merk: eintal *ætter,* fleirtal *ættre.*

*2. ærm ærm´a ærm´en ærm`a ærm`ann ærm`å*
erm erma ermar ermane

Som *ærm: æłv, kvɛnn, myr, rɛm, øks, øy* (elv, kvern, myr, reim, øks, øy).

*hæłg hæłgja hæłgjen hæłga hæłgann hæłgå*
helg helga helgar helgane
*ve* (= vidje) *ve´a ve'n vij`a vijann vijå* (gn. *við,* flt. *viðjar*)
*kjærreng kjærringja kjærringjen kjærrenga -ann -å*
kjerring kjerringa kjerringar kjerringane

Som *kjærreng*: hokynsord på *-eng.*

*3. tåpp tåppa tåppen tæpp´er*[2] *tæppern tåpp`å*
topp toppa (tepper) (teppene)

Som *topp: gås,* flt. *giæsser; ann,* flt. *ɛnner; rånn,* flt. *rɛnner; tånn,* flt. *tɛnner; rot,* flt. *røter; bot,* flt. *bøter;* utan umljod *gjɛt,* flt. *gjɛter;* (landsm. gås, and, rand, tonn, rot, bot, geit; flt. gjæ(s)ser, ender, render, tenner, røter, bøter, geiter).

*bok bokja bokjen bøk´er*[3] *bøkern bok`å*
bok boka bøker bøkene

Som *bok: brok,* flt. *brøker; dråk,* flt. *dreker; skåk,* flt. *skjeker; tång,* flt. *tænger; stång,* flt. *stænger; mårk,* flt. *mærker;* utan umlyd *sæng,* flt. *sænger*; (landsm. brok, dråk, skåk, tong, stong, mork,

---

[1] Meir regelrett vilde *bon`å* ha vore.
[2] I Rindalen *tæpp, tæppen, tɛnn, tɛ'nn* o.s.b.
[3] I Rindalen *bøk, bøk´en, brøk, brøken,* o s.b. — I Halsa *bøkrå* ist.f. *bokå.*

seng; i flt. brøker, dræker, skjæker, tenger, stenger, merker, senger).

*gło gło'a gło'n gło gło'n głon'å*
glo gloa glør glørne

Som *gło*: *kło — kło, ku — kjy, tå — te, rå — re, skrå — skre* (landsm. klo, klør, ku, kyr, tå, tær, rå, rær, skrå, skrær).

*mus mus'a mus'n mys mys'n mus`å*
mus musa myser mysene

Som *mus*: *lus.*

*hann hann'a ha'nn hɛnn hɛ'nn hannå*
hand handa hender hendene

Derimot *rånn,* flt. *rɛnner; tånn,* flt. *tɛnner; ann,* flt. *ɛnner* (sjå under „*tåpp*").

*natt natta natt'n nēt net'n natt`å*
natt natta netter nettene (eller næter nætene)

*4. pi'p pip`å pipånn pipå pipånn pipå*
pipe pipa pipor pipone

Som *pi'p* går dei hokynsorda som hev tviteken vokal i ubunda form eintal; ogso *æ'u,* auge dette ordet er inkjekynsord i landsmål). 'plar ha umlag 1/4 av tida åt heile den tvit. vokal.

*kreng'eł krengłå krengłånn krengłå krengłånn krengłå*
kringla kringla kringlor kringlone

Som *krengeł*: *ræggeł, æppeł* (regle, eple).

*slɛggje slɛggjå slɛggjånn slɛggjå slɛggjånn slɛggjå*
sleggje sleggja sleggjor sleggjone

Som *slɛggje*: hokynsord som endar på *-kje, -gje* eller *ngje* i ubunda form eintal, f. eks. *lykkje, ringje.* Slik ogso *færje, smie* ell. *smije, brye* ell. *bryje* (landsm. ferje, smie, brye), *rɛvje* (horev).

*5. lø`å løå løånn løå løånn løå*
løe løa løor løone.

Som *løå:* hokynsord som endar på *-å* i ubunda form eintal, f. eks. *spøå* (trespade), *støå, trøå, knøå, snjøskrøå, stuå, sluå, tvuå, fłuå, veå, trållreå, attēå, kånå* (spode, støde, trøde, knode ell. knøe, snøskride, stove, sloge, tvoge, fluge, vede, trollride, attide, kone). Desse orda var jamvektord i gamalnorsk: *hlaða, hlǫðu*).

*věku (vekku) veku vekunn veku vekunn vekuå*[1]
veke veka vekor vekone

Slik går hokynsord som endar på *-u,* f. eks. *legu, kvɛllsetu, ruku, skuru, skjuru, vuru* (= Nd. væren, forbliven), *brɛnnhutu, fjuru, kjuru, muru, snuru, tvuru, nasaburu, hułu, svułu, huku, błuku, småpuku, vutu, husu*[2], *musu* (landsm. lege, kveldsete, reke, skore, skjere, vere, brennete ell. brennenetle, fjøre, tjøre, mare, snare, tvare ell. tvore, nasebore, hole, svole ell. svale, hoke, bloke, småpoke,

[1] I Rindalen *vekunå* eller *vøkunå* (gam.n. *vikunum*).
[2] I Tingvoll: *håså,* i Rindalen: *høsu.*

vote, hose, myse). Desse orda òg var jamvektord i gamalnorsk (*vika, viku*).

Merk: ei gate og ei flate, heiter i ubunda form eintal *ga't, fla't,* med tviteken vokal; i bunda form *gātå, flatå.* Soleis ogso *ka'k,* b. f. *kakå.* — Subst. *lomme* er hankynsord i Todalen.

Avvikande:

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| *mor* | (mor) | *mor`a* | *morinn* | *mør* | *mø'rn* | *mørå* |
| *søster* | (syster) | *søstr`a* | *søstrinn* | *søstre* | *søstrinn* | *søstrå*[1] |
| *dotter* | (dotter) | *dotra* | *dotrinn* | *døtre* | *døtrinn* | *døtrå* |

Inkjekynsord.

*1. hus hus´e hus`a hus hus´a hus`å*
hus huset hus husa

Som *hus*: dei fleste inkjekynsord. — Merk: *temm´er* (tømmer), b. f. *tem´re.*

*tak takj´e takj`a tak takj´a tak`å*
tak taket tak taka

Som *tak:* inkjekynsord som endar på *k, g, nk, ng.* Merk: *træu, trægje, trægja, træu, trægja, træuå* (trog).

*lamm lamm´e lamm`a låmm låmm´a låmm`å*
*ban bane bana bånn bånna bånnå*[2]

Sml. gamalnorsk *lamb — lǫmb, barn — bǫrn* (u-lydbrigde).

*kne kne´e kne`a kne knen´ann knen´å*[3]
kne kneet kne knea

*2. mø't møt`e møt`a mø't møt`a møt`å*
møte møtet møte møta

Slik går ord med tviteken vokal i ubunda form eintal (ogso *hy'nn,* hyrne og *ny'r* nyre).

*mærkje mærkje mærkja mærkje mærkja mærkjå*
merke merket merke merka

Slik går inkjekynsord som endar på *-kje* eller *-gje* i ubunda form eintal.

*kjæv´eł kjævłe kjævła kjæveł kjævła kjævłå*
kjevle kjevlet kjevle kjevla

Dette ordet skulde etter retten havt samansett tonelag i bunda form nominativ-akkusativ eintal og fleirtal, men blir visst ofte uttala med enkelt tonelag i desse formene.

## Kjenneord (artiklar).

Kjenneorda (artiklane) er i todalsmålet: for hankyn *en,* for hokyn *e,* for inkjekyn *et: en kar, e kjærreng, et hus* (ein kar, ei

[1] Tod. *fa`sess, mo`sess,* rind. *fa`søst. mo`søst* (faster, moster).
[2] I Rindalen ogso *vat´n — våt´n* (gam.n. *vatn — vǫtn).*
[3] Genitiven *knes(s)* i uttrykket *te knes(s),* til knes. (Jfr. Maal og minne 1919, side 123 – 124).

kjerring, eit hus). Dei tilsvarande former av talordet er: *ɛn, ɛi, ɛitt,* = landsm, ein, ei, eitt.

*Dɛnn* bruka som artikkel (mest fyre høgregrad og høgstegrad av eigenskapsord) hev same bøygning som det påpeikande pronomen *dɛnn.*

Dei personlege pronomen *hann* og *ho* blir mykje bruka til eit slag bunden artikkel til personnamn: *hann Ola, ho Mali.*

Eit personnamn som hev eit peikande pronomen framanfor seg, fær bunda form ved ending (like eins som samnamna): *na Oḷa'n, na Brita* (ɔ: denna Olaen, denna Brita).

Dei endingane som namnorda hev i bunda (bestemt) form, kann ein sjå i oversyna over namnordbøygninga.

## Talord.

### Grunntal.

| Hank. | Hok. | Inkjek. | Linn form. | |
|---|---|---|---|---|
| *ɛn* | *ɛi* | *ɛitt* | *ɛ'n* | (landsm. ein, ei, eitt, eine). |
| *tvo* | *tvo* | *tvo* | *tvo'* | (landsm. tvo). |

Talordet *tvo* heiter no sjeldan *tvæu* (linn form *tvæ'u*) i inkjekyn; sml. gamalnorsk *tvau.* — Dei linne formene blir bruka når det er eit påpeikande pronomen fyre talordet: *dɛnn ɛ'n, sa tvo'* (den eine, dessa tvo).

*tri', fi'r, fæ'mm, sæ'ks, sju', å'tt, ni', ti', yllöv, tå'ḷv, trættå, fjortå, fæmtå, sækstå,*[1] *sykkjå, akjå, nikkjå, kju', ɛn å kju'* o s.b., *trædve* eller *trætt'i, før'eti, fæmti, sæksti, sjutti, åt'eti, nitti, honner, tus'n* (tri, fire, fem, seks, sju, åtte, ni, ti, elleve, tolv, trettan o.s.b., tjuge, ein og tjuge, tretti, firti, femti o.s.b., hundre, tusen eller tusund).

### Rekkjetal.

*føst, anner, trɛi`a, fje'r, fæ'mt, sje'tt, sju`ann, åttann, niann, tiann, yllö'ft, tå'ḷt, trættann, fjortann* o.s.b., *kjuann* (fyrste, andre, tridje eller tredje, fjerde, femte, sette, sjuande, åttande, niande, tiande, ellevte, tolvte, trettande, fjortande, tjugande).

## Eigenskapsord (adjektiv).

### Bøygning i kyn og tal (1. grad).

| Eintal, sterk bøygn. | | | Fleirtal. | Bunda form. |
|---|---|---|---|---|
| Hank. | Hok. | Inkjek. | Alle kyn | Alle kyn |
| *stor* | *stor* | *stort* | *store* | *sto'r* |
| *yvinn* | *yva* | *yve* | *yvne* | *y'vn* |

[1] Gam.n. *sekstán, sjautján, áttján, nítján (á = å).*

Dei fleste adjektiv blir bøygd like eins som *stor*. I hokyn fleirtal blir tildels bruka former på *-a*: *stora* (i Rindalen hev adj. *stor* forma *store* i hankyn, *stora* i hokyn, og *stor* i inkjekyn fleirtal; jfr. „Store — stora — stor“ i Maal og minne 1920, side 113—115).

Merk: *sy'nn* (sund), inkjek. *sy'nt*, flt. *synne;* jfr. „Stavingsdeling i rind.m.“ side 32.

Tvostavingsord med *-i* (landsm. -ig) i hankyn og hokyn eintal endar på *-ekt* i inkjekyn eintal: *døkti, døktekt.* Dei som hev *-æu* i hank. og hok. eintal, endar på *-åkt* i inkjekyn: *motæu, motåkt* (motug, motugt).

Ord som *fager, mager* skyt ut e-en fyre r-en når ein vokal kjem etter: *fagre, magre, fagra'st, magra'st.*

Nokre ord på *-a* er ubøygjelege, f. eks. *hæu`a* (landsm. huga).

Avvikande bøygning hev ordet *lītinn* (liten): *litinn, lita, lite, na li'tll* (landsm. litle). Dette adj. hev ikkje fleirtal; istaden blir bruka fleirtal av ordet *små, måe.* Adjektivet *små* blir ogso bruka i eintal: *små ve, smått skrap* (små ved, smått skrap).

Adjektiva hev den kortaste forma i staden for fleirtalsforma på *-e* (eller *-a*) når dei står som predikatsord: *œḷvann va stor* (sml. *store* ell. *stora œḷva*); *dærinn va åfn* (sml. *åfne* ell. *åfna dære*). Jfr. „Store — stora — stor“, Maal og minne 1920, side 113—115.

Merk: Det heiter *en stor å en litinn* (ein stor og ein liten), og *en stor en, en litinn en* (ein stor ein, ein liten ein), men ikkje „*en stor*“ (*en* er kjenneord).

Sumtid kann eit adjektiv få same bøygninga som eit namnord: *gråinn, gråa.* Jfr. Karl Braset: „Sparbu-maalet“, side 13—14, og P. E. Sivertsen: „Maalet i Hemna“, side 13.

Eit minne um ei gamal form av adjektivet hev målføret i ordlaget: *me gått å go'*, „med godt og gode“ (gamalnorsk *góðu*, dativ inkjekyn eintal). Jfr. fotmerknad 70 i „Stavingsdeling i rindalsmåle“ (på side 28).

Gradbøygning.

| 1. grad | 2 gr. (komparativ) | 3. gr. (superlativ) |
|---|---|---|
| *fin* (fin) | *fina'r* (finare) | *fina'st* (finast) |
| *gœḷinn* (galen) | *gœḷna'r* (galnare) | *gœḷna'st* (galnast) |
| *våle* (vaaleg) | *vålear* (vaalegare) | *våleast* (vaalegast) |

Dei fleste adj. hev *-a'r, -a'st* i 2. og 3. grad (landsm. -are, ast).

| | | |
|---|---|---|
| *høg* (høg) | *høg'er* (høgre) | *hø'kst* (høgst) |
| *lang* (lang) | *længer* (lenge) | *læ'ngst* (lengst) |
| *stor* (stor) | *stæ'r* (større) | *stæ'st* (størst) |

Andre med lydbrigde: *ong, tong, små* (sup. *smæ'st*), *låg* (*leg'er, le'kst*); = ung, tung, små (smæst), låg (lægre, lægst) i landsmål. Adj. *fager* blir bøygd: *fagra'r, fagra'st*

Med andre og tredje grad av ei onnor ordrot enn fyrste grad:

| | | |
|---|---|---|
| *go* | *bæ'r* ell. *be'r* | *bæ'st* |
| (*gæḷe*) | *væ'r* | *væ'st* |
| *mykjy* | *mæ'r (mɛ'r?)* | *mæ'st* |
| *mangje* | *fḷæ'r (fḷɛ'r?)* | *fḷæ'st* |
| *gammeḷ* | *ɛller* | *ɛ'lst* |
| *litinn* | *minner* | *mi'nst* |

(I landsmål: god, betre, best; gale, verre, verst; mykje, meir, mest; mange, fleire, flest; gamal, eldre, eldst; liten, mindre, minst).

Nokre adjektiv finst berre i 2. og 3. grad: *fræmmer — fræ'mst, inner — i'nst, ne'r — ne'st, øver — ø'fst, ytter — y'st, æuster — æusta'st, hiter — hita'st, borter — borta'st* (i landsmål: fremre, fremst, indre, inst, nedre, nedst, øvre, øvst, ytre, ytst, o.s.b.)

Berre i 2. grad: *høger* og *vinster* (høgre og vinstre). Berre i 3. grad: *ɛna'st* (einaste), *si'st* (rindalsmålet hev både komparativ og superlativ av dette ordet: *se'r, se'st*).

## Pronomen.

### Personlege pronomen, 1. og 2. person.

Eintal.

| | | |
|---|---|---|
| Nominativ | *e* (eg) | *du* (du) |
| Akkusativ | *me* (meg) | *de* (deg) |
| Dativ | *me* (meg) | *de* (deg) |

Fleirtal.

| | | |
|---|---|---|
| Nominativ | *vi* (vi, me) | *di* (de) |
| Akk. og dativ | *åss* (oss) | *dåkkå*[1] (dykk) |

### Personlege pronomen, 3. person.

| | Eintal. | | Fleirtal. | |
|---|---|---|---|---|
| | Hank. | Hok. | Inkjek. | Alle kyn |
| Nom. | *hann, en* | *ho, å* | *de* | *dæm* |
| Akk. | *hann, en* | *ho, å* | *de* | *dæm* |
| Dativ | *hånå* ell. *hænå, nå* | *hæna, na* | *di* | *dæm* |

(Genitiv *hans, hæna, deras*[2] er no berre eigepronomen).

I landsmål: han, honom, (hans), ho, henne, (hennar); det; dei (deira).

---

[1] I Rindalen *dåkk* (både i nominativ og i akk. og dativ, like eins som *åss* både i nom., akk. og dativ).

[2] I Rindalen *dera*.

Når nordmørsmåla hev forma *hæna* (lydveikt *na*) i dativ hokyn, kjem visst dette av ei samanblanding (i millomnorsk?) av dativ og genitiv; gamalnorsk hadde *henni* i dativ hokyn og *hennar* i genitiv hokyn. Jfr. „Dei rindalske formene for dativ eintal hokyn av nokre pronomen", Maal og minne 1917, side 70—71.

Det attervisande (refleksive) pronomen for tredje person er *se* (landsm. seg). Gjensidige (reciproke) pronomen er *kvaranner* og *kvara'r* (*-e*) = landsm. kvarandre.

## Merknader.

Formene *hann, hånå* (*hænå*), *ho, hæna*, blir bruka når pronomenet er fremst i setningen, og når det står inne i setningen og hev lydtrykk. I andre høve blir oftast dei stutte formene bruka (*en, nå, å, na*), f. eks. når ordet står midt inni eller i slutten av eit tonelagsvald: *e såg'en, e såg'en ikkje* (eg såg han, eg såg han ikkje). Når pronomenet er fyrste ordet i ein undersetning (bisetning), skulde ein ha venta at dei lengre ordformene vart bruka; men i dette tilfelle kann ein òg bruke dei stuttare (jfr. merknad 91 i „Stavingsdeling i rindalsmåle").

Det personlege pronomen *en* blir ofte avstytt til *n* (som regel er ordet framanfor då eit verb):

1. Når pronomenet kjem etter ord som endar på *d, t* eller *s*; *n* er då „stavingdanande": *sætt'n her!* (set han her!)
2. Når det kjem etter ord som endår på vokal; dette ordet fær då tviteken vokal, og andre delen av den tvitekne vokalen og n-en blir uttala som ei staving: *her e'n* (her er han).
3. Når det kjem etter einstavingsord som endar på *l, ll, ł* eller *r*, eller etter fleirstavingsord som hev samansett tonelag, endar på ein av desse konsonantane, og hev sterk sidetrykk på siste vokalen, eller etter fleirstavingsord som hev hovudtrykk på siste vokalen; siste vokalen i ordet er då tviteken, og lydane frå og med andre delen av den tvitekne vokalen, til og med pronomenet (*n*) blir uttala som ei staving: *leve'rn strakst!* (lever han straks!); *vill du sæ'łn?* (vil du selje han?)
4. Er ordet framanfor pronomenet eit tvostavingsord som endar på *-er, -el, -eł* og hev enkelt tonelag, blir *n* uttala saman med siste stavinga i ordet, men denne stavinga fær ikkje tviteken vokal: *kann du vekseln?* (kann du veksle han?)

Når eit verb som pronomenet er attihengt, hev berre fyrste delen (den nedgåande) av det samansette tonelag, fell stavingsdelinga burt. Jfr. „St.d. i rind.m.", side 35—36.

## Relativt pronomen.

Målføret hev berre eitt relativt pronomen, det ubøygjelege *så* (landsm. som. — Jfr. side 6: nr. 2 av dei nordmørske målmerke).

## Spyrjande pronomen.

Spyrjande pronomen er *kvɛnn* eller *kvann* (landsm. kven), *kva* (kva), *kvɛnn'så*, *kva'så*, *kvafær-ɛn* o. l.

*Kvɛnn'så*, *kva'så* (kven som, kva som) blir bruka som subjekt *kvɛnn* og *kva* i andre høve:

*kvɛnn'så slo'n* (kven som slo han) = „hvem slo ham".

*kvɛnn slo'n* (kven slo han) = „hvem slo han".

*kvɛnn va de* ɔ: kven var det; *kva sa'n* ɔ: kva sa han.

*Kva* kann ogso brukast adjektivisk (= norskdansk „hvilken", „hvilket"):

*kva år va de* = „hvilket år var det".

*kva dag va de* = „hvilken dag var det".

Med tydinga „hvilken", „hvilket" blir ogso *kvafær-en*, *kvafær-ɛn* (kva for ein) o. l. bruka.

*Kvɛnn*, *kva* blir sumtid uttala *kvɛ'nn*, *kva'*; jfr. „St.d. i rind.m.", side 41.

## Eigedomspronomen.

| | Eintal | | | Fleirtal | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Hank. | Hok. | Inkjek. | Hank. | Hok. | Inkjek. |
| Nom.-akk. | *minn* | *mi* | *mett* | *mine* | *mina* | *mine*[1] |
| „ „ | *vår* | *vår* | *vårt* | *våre* | *våra* | *våre* |

I heile dativ: *min* og *vår*; sml. (eldre) rindalsk: *minå*, *mina*, *min*, *minå*. I todalsmålet hev forma for dativ inkjekyn eintal trengt seg inn gjenom heile dativ. (Jfr. „Litt um formene av pronomene all", Maal og minne 1918, side 151).

Like eins som *minn* blir *dinn* og *sinn* bøygd. For tridje person hev me ogso *hass* — *hæna* for eintal, *deras* for fleirtal; men desse gamle genitivformene er ubøygjande i kyn og tal. — Pronomenet *dåkkår* er i Todalen ubøygd, og må difor reknast for eit personleg pronomen i eigeform (sml. akk. og dativ *dåkkå*). — Eldre rindalsmål hadde *vånn* ist.f. *vår* i nom.-akk. hankyn eintal. Denne forma hadde til upphav den gamalnorske *várn*, som var akkusativ hankyn eintal. Forma *vånn* er ukjent i Todalen.

Eiged.pron. i landsm.: min, mi, mitt, mine; vår, vår, vårt, våre, o.s.b.

---

[1] I Rindalen *mine, mina, min* (gam.n. *mínir, mínar, mín*).

### Peikande pronomen.

| Nominativ-akkusativ | | | Dativ |
|---|---|---|---|
| Eintal | | Fleirtal | Eintal og fleirtal. |
| Hankyn og hokyn | Inkjekyn | Alle kyn | Alle kyn |
| *dɛnn* (den) | *de* (det) | *di* (dei) | *di* |
| *dene, ne* | *dete, te* | *dese, se* | *dese, se* |
| *dena, na* | *deta, ta* | *desa, sa* | *desa, sa* |

Merk: (*de*)*ne* = denne her, (*de*)*na* = den der. — Til (*de*)*ne*, (*de*)*te*, (*de*)*se* svarar i landsmål denne, dette, desse.

Andre peikande: *båe, båa, båe*; i dativ *bå'*? (sml. *min* ist.f. *minå* i dativ fleirtal); *slik, slik, slekt, slike, slika, slike; sjøl*; flt. *sjølve* i „*dæm sjølve*" ɔ: dei sjølve; *som`å; dɛnn, dɛnn anner* = *hinn* (landsm. båe, slik, slikt, slike, sjølv, sjølve, same, den, hin). — Nordmørsk *somå* må vel ha til upphav forma *sǫmu* (og *sǫmum*) som var fleirtalsform i gamalnorsk. Denne forma hev trengt ut dei andre formene (*sami, sama*). Todalsk: *de e somå gut'n å somå slått'n* ɔ: det er same guten og same slåtten.

### Ubundne (ubestemte) pronomen.

*All*, inkjek. *alt*, flt. *alle, alla, alle* (lm. all, alt, alle), *annann, ånår, anna* (landsm. annan, onnor, anna), i fleirtal *are, ara, are* (= andre; gam.n. *aðrir, aðrar*); til „dei andre" i landsmål svarar *di anner*.

*Ingjinn, ingja* (landsm. ingen, inga eller ingi). Nokor form for inkjekyn eintal av dette ordet hev ikkje todalsmålet. I staden blir uttrykket *ikkje-nå* (ikkje noko) bruka. Til fleirtalsform brukar målføret *ingjer* (landsm. ingi ell. inga).

*Innkvann, innkvar, innkvart* = einkvan eller einkvar, eikor, eitkvart i landsmål.

*Kvar, kvar, kvart* (like eins som i landsmål).

*Mang en* (*ɛn*), *mang e* (*ɛi*), *mangt et* (*ɛitt*), i fleirtal: *mangje, manga, ma'ng* (NB; like eins som i rindalsk; sml. rindalsk *store, stora, stor, alle, alla, a'll*, o. l.).

*Nå'nn, nå'r, nå'* eller *nåkå* = landsm. nokon, nokor, noko; i fleirtal *nåre, nåra, når(e)*, landsmål nokre.

*Somm, somm, somt, some, soma, some* (landsm. sum, sumt, sume); hev *somm, somt* tildels tviteken vokal? (Rindalsmålet hev tviteken vokal både i *a'll, a'lt, ma'ng, ma'ngt* og *so'mm, so'mt*).

### Ymse merknader.

Namnord som hev *all, innkvann* ell. *somm* fyre seg, hev som regel bunda form.

Forma *alle* i inkjekyn fleirtal kann vera etterlaging etter han-

kyn fleirtal; men hev vel helst (likesom *båe*, *some*, *nåre*, *mine*, *store* i inkjekyn fleirtal) kome inn gjenom innverknad av skriftspråk (norskdansk og nynorsk).

Til norskdansk „enhver" svarar *kvar ɛn* (kvar ein) og *kvar å ɛn* (kvar og ein).

*Nånn*, *når*, *nå* hev tviteken vokal berre når ordet hev hovudtrykk. — Pron. nokon blir uttala *nåkånn* i ordlaget *nåkånn kvar* ɔ: nokon kvar.

I forteljesetningar utan nekting, og sumtid i spyrjesetningar, fær *nåre* og *nåra* ordet *en* fyre seg: *en nåre*, *en nåra*; jfr. „St.d. i rind.m", fotmerkn. 15.

Til norskdansk „man" svarar ofte eit vektlaust *en* (= landsm. ein). — Til subjekt i upersonlege uttrykk blir bruka *de* (landsm. det).

Samansette ub. pronomen er *annannkvar* o.l.: *annannkvar dag*, *annakvar hæłg*, *annakvart år*.

Uttrykket *annsmanns* er nemnt på side 15.

## Gjerningsord (verb).

Infinitiv (nemneforma) og imperativ (bydeforma) hev same form, — ogso um infinitiven er tvostavingsord: *å kåma*, *kåma!* (koma, kom).

I setningar der predikatsverbet står i perfektum participp, hev ofte andre verb denne forma istaden for nemneform, ogso med infinitivsmerket *å* fyre: *hann he haft mykjy å gjort* ɔ: han hev havt mykje å gjera.

Presens participp endar på *-ann* eller *-annes: hann komm gangann* (han kom gåande), *kjørann*, *roann*, o.s.b. (køyrande, roande); eller — *gangannes* o.l. (ist.f. *gangann* o.s.b.). Fleire eksempel: *på fastann ja'rt* (på fastande hjarte); *ruvann(es); snakkannes* (snakksam); med passiv tyding: *mat'n va ikkje etann(es); de e ikkje omtałann*, det er ikkje umtalande.

Dei viktigaste verbale tider er: presens eller notid (no-samtid): *sle* (slær); imperfektum ell. fortid (då-samtid): *slo* (slo); perfektum, fyre-notid (no-fyrrtid): *he sligje* (hev slege); futurum, framtid (no-framtid): *ska slå* (skal slå); pluskvamperfektum, fyre-fortid (då-fyrrtid): *ha sligje* (hadde slege); futurum eksaktum, fortids framtid (då-framtid): *skoll slå* (skulde slå).

I infinitiv: *å slå* (samtid), *å ha sligje* (fyrrtid), *å ska* (?) *slå* (framtid); landsm. å slå, ha slege, skul(l)e slå.

I staden for *ska* blir sumtid bruka hjelpeverbet *vill;* ogso tildels *„kjæm te å"* (kjem til å), jfr. Torleif Homme: „Um Sætesdalsmålet", Maal og minne 1917, side 73.

I staden for framtid blir tildels bruka notid: *hann kjæm hit hann Oła emårgå* ɔ: han kjem hit han Ola imorgon.

Etter bøygningsmåten kann vi skilje gjerningsorda åt i sterke og linne gjerningsord. Dei sterke hev lydsprang eller avlyd, eit gamalt vokalskifte, f. eks. *spinn — spann — sponne* (landsm. spinne, spann, spunne; gamalnorsk *spinna, spann, spunnit*). Dei linne hev (ell. hev havt) endingar, og sumtid det vokalskifte som kallast umlyd.

## Sterke gjerningsord.

Fyremerknad:

Under bøygninga går *k, g, ng* over til *kj, gj, ngj* fyre endinga *-e* (og *-inn*); *skj, kj, gj* fyre *ɛ, e, y,* blir umbytt med *sk, k, g,* når vokalen blir *a å, o, æ* (*æ* < au).

1. klasse.

| Infinitiv | Presens | Imperfektum | Perf.participp |
|---|---|---|---|
| *slæpp,* sleppe | *slæpp,* slepp | *slapp,* slapp | *slåppe,* sloppe |
| *finn,* finne | *finn,* finn | *fann,* fann | *fonne,* funne |
| *spreng,* springe | *spreng,* spring | *sprang,* sprang | *sprongje,* sprunge |
| *bett,* binde | *bett,* bitt, bind | *batt,* batt | *bonne,* bunde |
| *søng,*[1] syng(j)e | *søng,* syng | *sång,* song | *sångje,* sunge |
| *sækk,* søkke[2] | *sækk,* søkk | *såkk,* sokk | *såkkje.* sokke |
| *hå'gg,* hogge[3] | *hægg,* høgg | *hågg,* hogg | *håggje,* hogge |

Som *slæpp: dætt, głæpp, głætt, gnɛll, skrɛll, skvɛtt, smɛll, smætt, sprætt, svɛll, svɛlt, væks*[4], *værp, vɛlt* (dette, gleppe, glette, gnelle, skrelle, skvette, smelle, smette, sprette, svelle, svelte, vekse, verpe, velte).

Som *finn* eller *spreng: brinn, rinn, spinn, vinn, kłeng, sprekk, stekk* (brenne, renne, spinne, vinne, klinge, sprekke, stikke).

Som *bett: vett* (vinde).

Som *søng: tøgg* (tygge, tyggje; gam.n. *tyggva*).

Som *sækk*: *slæng.* (slenge; gam.n. *slyngva*), *træng* (trenge; gam.n. *þryngva*), *ræk* (rekke, røkke), *skjæłv,* (skjelve).

Verbet *drekk* (drikke) hev i perf. participp: *drikkje,* (landsm. drukke[5]).

Verbet *fɛll* (falle) hev ei bøygning som no står nærast den i 1. klasse:

*fɛll fɛll fall jålle* (felle, fell, fall, falle; i gamalnorsk *féll* i imperfektum).

Uregelrett: *błi błi vart vårte* (bli, blir, vart, vorte).

---

[1] [2] [3] Gam.n. *syngva, søkkva, høggva.*

[4] Merk: *„vaksinn kar“* ɔ: vaksen kar.

[5] I Rindalen *drykkjinn* med tydinga „drukken“ = norskdansk „beruset“; men: *he drikkje,* hev drukke.

2. klasse:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *be*, be | *be* ber ell. bed | *ba*, bad | *bee*, bede |
| *dræpa*, drepa | *dræp*, drep | *drap*, drap | *drepe*, drepe |
| *sett*, sitje | *sett*, set | *satt*, sat | *sette*, sete |
| *ita*, eta[1] | *it*, et | *åt*, åt | *ite*, ete |
| *liggja*, liggje | *legg*, ligg | *låg*, låg | *liggje*, lege |
| *gje*, gje, gi | *gje*, gje(v) | *ga*, gav | *gjeve*, gjeve |
| *tegg*, tiggja | *tegg*, tigg | *tagg*, tagg | *tiggje*, tigge |
| *såva*, sova | *söv*, søv | *såv*, sov | *såve*, sove |
| *læsa*, lesa | *læs*, les | *las*, las | *lese*, lese |
| *bæra*, bera | *bær*, ber | *bar*, bar | *båre*, bore |

Avvikande:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *kåma*, koma | *kjæm*, kjem | *komm*, kom | *kåm(m)e*, kome |
| *vara*, vera | *e*, er | *va*, var | *våre*, vore |
| *sjå*, sjå | *sjer*, ser | *såg*, såg | *sjitt*, sétt |

3. klasse:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *li*, lide | *li*, lid | *lɛi*, leid | *lee*, lide |
| *bit*, bite | *bit*, bit | *bɛt*, beit | *bete*, bite |

Som *li*: ri (ride); som *bit: bḷiv*, *driv*, *fis*, *grin*, *kḷip*, *kḷiv*, *knip*, *kvin*, *lit*, *riv*, *skjin*, *skjit*, *slit*, *sviv*, *skriv*, *sig*, *mig* (landsm. blive = drukne, drive, fise, grine, klipe, klive, knipe, kvine, lite, rive, skine, skite, slite, svive, skrive, sige, mige); *sig*, sige: *sig*, *sɛg*, *sigje* (sig, seig, sige).

4. klasse:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *by*, byde | *by*, byd | *bɔu*, baud | *bøe*, bode |
| *bryt*, bryte | *bryt*, bryt | *brɔt*, braut | *bråte*, brote |

Som *by*: *kry*, *sy* (kry, sy eller syde).

Som *bryt: dryp*, *fḷyg*, *frys*, *fḷyt*, *fyk*, *gjys*, *gjyv*, *kjyt*, *kḷyv*, *kryp*, *lyg*, *lyt*,[2] *nys*, *nyt*, *ryk*, *ryt*, *skjyt*, *smyg*, *stryk*, *syg*, *syp*, *tryt*, *færtryt* (landsm. drype, flyge, fryse, flyte, fyke, gyse, gyve, kyte = hoppe, klyve = kløyve, krype, lyge ell. ljuge, lyte eller ljote, nyse, nyte, ryke, ryte, skyte, smyge, stryke, syge ell. suge, sype ell. supe, tryte, fortryte).

5. klasse.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *aḷa*, ala | *æḷ*, el | *oḷ*, ol | *åḷe*, ale |
| *fara*, fara | *fer*, fer | *for*, for | *fåre*, fare |
| *svær*, sverje | *svær*, sver | *svor*, svor | *svåre*, svore |
| *lɛ'i*, læ, le | *ler*, lær, ler | *lo*, lo | *låe*, lætt |
| *ta* ell. *tak*, ta | *te* ell. *tek*, tek | *tok*, tok | *tikje*, teke |
| *dra*, dra | *dre*, dreg | *dro*, drog | *drigje*, drege |
| *slå*, slå | *sle*, slær | *slo*, slo | *sligje*, slege |

---

[1] I Rindalen *eta, et, åt, ete.*

[2] I Rindalen også *låtå*

Til denne klasse ogso: *grava*, presens *grev; gaḷa*, pr. *gjeḷ* ell. *gjæḷ; maḷa*, pr. *meḷ, skava*, pr. *skjev; væga*, pr. *veg; væva*, pr. *vev* (landsm. grava, gala, mala, skava, vega, veva).

*kåma*, som er medteke under 2. klasse, hev ei bøygning som likjest på den i 5. klasse: *kåm`a, kjæm, komm, kåm(m)e.*

Avvikande:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *sta'nn* ell. *stat*, stå | *står*, står | *sto*, stod | *stått*, stått. |

6. klasse.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *bḷå's*, blåse | *bḷes*, blæs | *bḷes*, bles | *bḷese*, blåse[1] |
| *grå't*, gråte | *gret*, græt | *gret*, gret | *grete*, gråte[1] |
| *lå't*, låte | *let*, læt | *let*, let | *lete*, låte[1] |
| *ha'll*, halde | *hɛll*, held | *hilt*, heldt | *hille*, halde |

Avvikande:

| | | | |
|---|---|---|---|
| *ga*, gå | *går*, går | *gjekk*, gjekk | *gått*, gått |
| *få*, få | *får*, får ell. fær | *fekk*, fekk | *fått*, fått |

Verbet *læka* (leka) hev ei bøygning som likjest på den i 6. klasse: *læka, lek, lek, likje*[2] (i landsm. leka, lek, lak, leke).

## Linne gjerningsord.

1. klasse.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *væḷ*, velje | *væḷ*, vel | *vaḷt*, valde | *vaḷt*, valt |
| *sæḷ*, selje | *sæḷ*, sel | *sæḷt*, selde | *sæḷt*, selt |
| *sætt*, setje | *sætt*, set | *sætt*, sette | *sætt*, sett |
| *tre*, træde | *tre*, træder | *trædd*, trædde | *trædd*, trædd |
| *tru*, tru | *trur*, trur | *trudd*, trudde | *trudd*, trudd |
| *gro*, gro | *grør*, gror | *grådd*, grodde | *grådd*, grodd |

Denne bøygning hev ogso: *kræv*, imp.f. *kraft; bør*, imp.f. *børt; skjæḷ, skjæḷt; dæḷ, dæḷt; bu, bur, budd; fḷi*, pr. *fḷir; så, sår, sådd; nå, når, nådd; rå, rår, rådd; du', dur, dudd; ro, rør, rådd* (landsm. krevje, byrje (pr. bør), skylje, dylje, bu, fli, så, nå, rå, duga, ro); *gro, grådd* (dental d), *ro, rådd*, sml. *sko, skånann.*

2. klasse.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *dø'mm*, døme | *dømme*, dømer | *dømt*, dømte | *dømt*, dømt |
| *mø't*, møte | *møte*, møter | *møtt*, møtte | *møtt*, møtt |
| *leva*, leva | *leve*, lever | *levd*, levde | *levd*, levd |
| *vaka*, vaka | (*vakje?*)[3], vaker | *vakt*, vakte | *vakt*, vakt |
| *gje't*, gjæte | *gjete*, gjæter | *gjætt*, gjætte | *gjætt*, gjætt |
| *bö'y*, bøygje | *böye*, bøygjer | *böydd*, bøygde | *böydd*, bøygd |
| *byggje*, byggje | *byggje*, byggjer | *bøgd*, bygde | *bøgd*, bygd |
| *tɛkkje*, tekkje | *tɛkkje*, tekkjer | *takt*, takte | *takt*, takt |

[1] I Rindalen *bḷåse, gråte, låte* i perf. ptc.
[2] I Rindalen ogso *læsa, les* ell. *læs(s), les, lese.*
[3] I Rindalen *vakje.*

Dessutan: *tæ'mm*, imp.f. *tæmt; płö'y*, imp.f. *płöydd; tö'y*, imp.f. *töydd; lɛ'i, lɛidd; o'n, ont; vɛkkje, vækt; tykkje, tokt; slöngje, slængt; tröngje, trængt; sökkje, sækt; skjɛnkje, skjængt* (sml. *mørk, mørt*, adj.); *tɛnkje, tængt; hɛngje, hængt; rykkje, røkt;* o. fl. (landsm. temje, pløgje, tøygje, lei(d)e, une, vekkje, tykkje, slengje, trengje, søkkje, skjenkje, tenkje, hengje, rykkje).

(Sml. „Stavingsdeling i rindalsmåle", side 23).

3. klasse.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *tała*, tala | *tała*, talar | *tała*, tala | *tała*, tala |
| *ka'st*, kaste | *kasta*, kastar | *kasta*, kasta | *kasta*, kasta |

Til denne klasse høyrer dei fleste linne gjerningsord. — Merk: *tala* hadde i gamalnorsk kort, *kasta* lang fyrste-staving *(kasta > ka'st)*.

Nokre uregelrette linne verb.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *spør*, spyrje | *spør*, spør | *spor*, spurde | *sport*, spurt |
| *smør*, smyrje | *smør*, smør | *smor*, smurde | *smort*, smurt |
| *tør*, tore | *tør*, torer | *tor*, torde | *tort*, tort |
| *gjæra*, gjera | *gjær*, gjer | *gjor*, gjorde | *gjort*, gjort |
| *hø'r*, høyre | *høre*, høyrer | *hør*, høyrde | *hørt*, høyrt |
| *kjø'r*, køyre | *kjøre*, køyrer | *kjør*, køyrde | *kjørt*, køyrt |
| *lægg*, leggje | *lægg*, legg | *la*, la | *lakt*, lagt |
| *sɛ'i*, segje | *sie*, segjer | *sa*, sa | *sakt*, sagt |
| *ha*, ha | *he*, hev | *ha*, hadde | *haft*, havt |
| *konna*[1], kunne | *kann*, kann | *konn*, kunde | *konna*, kunna |
| (*ska?*) | *ska*, skal | *skoll*, skulde | *skolla*, skul(l)a |
| (*vill?*) | *vill*, vil | *villa*, vilde | *villa*, vilja |
| *væta*, vita | *vet*, veit | *vest*, visste | *vest*[2], visst |
| *ɛga*, eige | *ɛg*, eig | *ått*, åtte | *ått*, ått |

Merknad.

I staden for *gjort* blir det i sume høve sagt *gjor* (= landsm. gjord): *bera e gjor* ɔ: bua; ein mann kann vera „*kłargjor*" ɔ: trøytt, uttøst, — men eit farty er *kłargjort*, d. v. s. gjort klart.

## Verb som endar på -st (refleksive o. l.).

| | | | |
|---|---|---|---|
| *finnast*, finnast | *finst*, finst | *fanst*, janst | *fonnest*, funnest |
| *ałast*, alast | *æłst*, elst | *ołst*, olst | *åłest*, alest |
| *kåmast*, komast | *kjæmst*, kjemst | *komst*, komst | *kåmest*, komest |
| *slåst*, slåst | *slæst*, slæst | *slost*, slost | *sligjest*, slegest |
| *møtast*, møtast | *møtest*, møtest | *møttest*, møttest | *møttest*, møtst |
| *tałast*, talast | *tałast*, talast | *tałast*, talast | *tałast*, talast |
| *trængast*, trengast | *trængst*, trengst | *trångst*, trongst | |

[1] „*De kjæm veł me å konna slekt*" ɔ: det kjem vel med å kunne slikt.
[2] I Aure *væta*, perf. ptc., sml. gam.n. *vitat*.

| | | | |
|---|---|---|---|
| *dragast*, dragast | *drækst*, dregst | *drokst*, drogst | *drigjest*, dregest |
| *rivast*, rivast | *rifst*, rivst | *ræfst*, reivst | *revest*, rivest |
| *seiast*, segjast | *siest*, segjest | *sagdest*, sagdest | |
| *leggjast*, leggjast | *lækst*, legst | *lagdest*, lagdest | |
| *minnast*, minnast | *minnest*, minnest | *mintest*, mintest | *mintest*, mintst |
| *færfarast*, forfarast | *færferst* | *færforst* | *færfårest* |

o. fl.

## Um samansette verb.

Ekte samansette verb er slike som *gosna'kk*, *hannfara*, *messbru'k*, *færfarast*, *avsty'r* (godsnakke, handfara, misbruke, forfarast, avstyre). I ekte samansette verb er samansetningslekkene: fyrelekken og verbet, fast sambundne i alle verbalformer.

Uekte samansette verb er slike som å *kast` bort*, *finn` ut*, *kåma hem*, *syn` framm*, *tykkje om*, o. s. b. (landsm. kaste burt, finne ut, koma heim, syne fram, tykkje um). Dei uekte eller laust samansette verb hev ikkje samansetning, slik at verbet kjem etter hin samansetningslekken, anna enn i dei adjektiviske formene, f. eks. *bort´kasta*, *hem´kåm(m)inn*, *om´tøkt*, *om´talann*, *på´gjærann* (burtkasta, heimkomen, umtykt, umtalande, pågjerande). I dei andre tilhøva kjem verbet fyrst og hitt ordet etter; sumtid kann det òg koma eitt eller fleire ord imillom: *dæm kast`a ut en fyr*, *he kasta ut* — —, *dæm kastan ut*, *he kastan ut* (dei kasta ut ein fyr, hev kasta ut — —, dei kasta han ut, hev kasta han ut). —

Meir um uekte samansette verb i Leiv Heggstads „Norsk grammatik“ (side 105—106), og i stykket „Litt um uekte samansette verb“ i Maal og minne 1920 (side 111—112).

## Adverb.

### Gradbøygning.

| | | |
|---|---|---|
| *e-litt*, litt | *mæ'r (me'r)*, meir | *mæ'st*, mest |
| *lite*, lite | *minner*, minder | *mi'nst*, minst |
| *lengje*, lenge | *længer*, lenger | *læ'ngst*, lengst |
| *åftå*, ofte | *åfta'r*, oftare | *åfta'st*, oftast |
| | *væ'r*, verre | *væ'st*, verst |
| | *he'll*, heller | *he'lst*, helst |

Superlativen *gjena'st* (= *åfta'st*) er kjent i Todalen òg. — Adverbet fyrr blir uttala *fæ'r*, med samme uttale som komparativen *fæ'r*, fyrre. — Superl. *føst* hev ikkje tviteken vokal; sml. *denn føst å denn si'st* (den fyrste og den siste). Jfr. „Eit adverb ifraa eldre rindalsmaal“, Maal og minne 1917, side 70.

Todalsk og rindalsk *me a'll så føst* < gam.n *með ǫllu sem fyrst* (ɔ: so snart som råd er).

Til det „aller“ (< gam.n. *allra*, som var genitiv fleirtal av *allr*, all) som i landsmål blir bruka framanfor superlativar, svarar nordmørsk *a'll*, men denne ordforma kjem vel av den gamalnorske dativen *allu* eller *ǫllu*. Jfr. „Litt um formene av pronomene all“, Maal og minne 1918, side 150—151.

Til gamalnorsk *gerla*, *gørla* svarar todalsk *gjɛ'll*, rindalsk *gjö'll* (jfr. „Eit adverb ifraa eldre rindalsmaal“, Maal og minne 1917, side 69—70).

Adv. *heå*, *deå* = herifrå, derifrå; sml. gam.n. *héðan*, *þaðan* (*þeðan*).

## Bindeord (konjunksjonar).

Sideordnande: *å*, *både* — *å*, *hɛll*, *ɛntel* — *hɛll*, *kårkje* — *hɛll*, *mæn*, *fær* (og, både — og, eller, enten — eller, korkje — eller, men, for).

Samanliknande: *så*, *hɛll* (som, enn): *lik gammeł så e; stæ'r hɛll e* (*ɛnn* blir i Todalen bruka i høve som: *ɛnn rætt de da!* = enn rett det då!).

Underordnande: *når*, *fær*, *mea*, *sia*, *da*, *edeså*, *vadeså*, *såframt*, *minnerɜ*, *om*, *fær di at*, *så*, *så at*, *at*, o. fl. (når, fyrr, medan, sidan, då, er det so, var det so ɔ: dersom, soframt, minder, um o. s. b.).

## Høveord (preposisjonar).

Desse styrer alltid akkusativ: *om*, *gjønå*, *færuta*, *norafær*, *innafær* o. l. (um, gjenom o. s. b.).

Desse styrer alltid dativ: *åt*, *frå*, *mot*, *emot*, *me* = hos, *tå* (utav), *tu* (utor), *myllå*, (millom),

Dels akkusativ, dels dativ: *å*, *på*, *e*, *ni*, *me* (med, ved), *fær*, *fære* (fyre), *ette*, *oppi*, *uti* o. s. b. — *å* styrer akkusativ i uttrykk som *å dagann*, *å net'n*[1], *å* blir òg bruka i uttrykket *mett å lægg* (midt å legg). — *på*, *e*, *pi*, *ni*, *ti*, og fleirstavings prep. på *-i* styrer akkusativ i tilstad-komplement, dativ i påstad-komplement. — *me* styrer akk. i tids- og stadkomplement, og i uttrykk som *sna'kk me*, *tała me;* i slike uttrykk kann det òg vera dativ, so ein kann segje enten *tała me præst'n* eller *tała me præst'a;* elles styrer *me* dativ. — *fær* styrer akk. når det er tale um pris (*å gje fær* —, *å få fær* —), elles dativ. — *fære* og *ette* styrer akk. i tidskomplement, elles dativ: *fære hæłgja*, *ette hæłgja*, *fære hop'a*. — *te* styrer ofte genitiv; um dette er fortalt fyrr (sjå side 15).

---

[1] Ogso, men sjeldan: *e net'n*, (ɔ: um nettene).

# IV.

## Målprøve frå Todalen.

*De va ɛngång de vart præstlæust e Stangvikjen. Så vart de slik at han vart prost hann Finkenhagen, å hann tok på se å pre'k vesse daga e Stangvikkjerkjånn. Dɛnn tia va de ikkje vɛg eve Åsɛie, så dæm mått rɛ's sjøvɛ'n me båt åt Stangvikjen. De va en gammeḷ mann innpå Skratllhægja, ɛn så ette Johan(n)es,[1] å en-nåre fḷære så sto fær des(s)a skyssa. — En dag præstn komm å skoll åt Stangvikjen, va di anner rås(s)karann kå'mn; mæn hann Johan(n)es drøḷa å vart så sɛn. Præstn va gæḷinn dan Johan(n)es komm — sån vest åftå bruka vara — å villa væta kva de va hann ha hæftast ti, nårn ikkje konn kåma strakst. »Å, e hilt på å drokst me nåkå bokka," san Johan(n)es. Så vart de ikkje sakt mæ'r om ta. — De va en gollbrannsdøḷ så ha fått låv te vara me na gångjen, å hann ha kanskje ikkje våre på båt fæ'r. Da dæm komm utåt Håltafḷu'n, så satt de tvo skarva der å fḷaksa. Da sættn ti, dø'ḷn: «Nɛi kva de e fær onderle dyr det(t)a, læl?" — „Å det(t)a e bokkann hass Johan(n)es, de," sa præstn. Da dæm*

[1] *n(n)* = dental *nn*.

## Umsetjing til landsmål.

Det var eingong det vart prestlaust i Stangvik. So vart det slik at han vart prost han Finkenhagen, og han tok på seg å preike visse dagar i Stangvikkyrkja. Den tida var det ikkje veg over Åseidet, so dei måtte reise sjøvegen med båt til Stangvik. Det var ein gamal mann innpå Skratlehaugen, ein som heitte Johannes, og nokre fleire som stod for denne skyssen. — Ein dag presten kom og skulde til Stangvik, var dei andre rorskarane komne; men han Johannes drøla og vart so sein. Presten var galen då han Johannes kom — som han visst ofte bruka vera — og vilde vita kva det var han hadde heftast i, når han ikkje kunde koma straks. „Å, eg heldt på og drogst med nokre bukkar," sa han Johannes. So vart det ikkje sagt meir um dette. — Det var ein gudbrandsdøl som hadde fått lov til å vera med denne gongen, og han hadde kanskje ikkje vore på båt fyrr. Då dei kom utåt Holtaflua, so sat det tvo skarvar der og flaksa. Då sette han i, dølen: „Nei kva er det for underlege dyr dette, lel?" — „Å dette er bukkane

*komm åt Brøskjafłu'n, så satt de tvo skarva der å, på somå måtinn. Så fa'lln i færondreng egjæn, dø'łn. „Der sett de tå somå dyrå," sa'n. „Ja det(t)e e tå bokkå hass Johan(n)es, de å," sa præstn. „Mæn no ska vi gjæra så præstn å levittn," san Johan(n)es; „vi ska ro dæm nasvist færbi."*

(Fortalt av Steinar Ansnes, Todalen.)

hans Johannes, det," sa presten. Då dei kom åt Brøskjaflua, so sat det tvo skarvar der òg, på same måten. So fall han i forundring att, dølen. „Der sit det av same dyrom," sa han. „Ja dette er bukkane hans Johannes, det òg," sa presten. „Men no skal vi gjera som presten og levitten," sa han Johannes; „vi skal ro dei nasevist forbi."

---

3 0112 053551617